



**Til: Kontrollutvalet i Sogn og Fjordane  
fylkeskommune**

**Selskapskontroll 2018 -  
«Eigarskapskontroll Sogn og Fjordane  
Teater L/L»**

**Prosjektplan**

**Oktober 2018**

# Innhold

<b>1</b>	<b>Formål og problemstillingar.....</b>	<b>s. 2</b>
1.1	Bakgrunn.....	s. 2
1.2	Formål.....	s. 2
1.3	Problemstillingar .....	s. 2
<b>2</b>	<b>Revisjonskriterium og metode.....</b>	<b>s. 2</b>
2.1	Revisjonskriterium.....	s. 2
2.2	Metode.....	s. 5
2.2.1	Dokumentinnsamling.....	s. 5
2.2.2	Eigenerklæring/intervju.....	s. 5
2.2.3	Verifisering.....	s. 5
2.2.4	Analyse.....	s. 5
2.2.5	Rapportering.....	s. 5
<b>3</b>	<b>Tid og ressursbruk.....</b>	<b>s. 5</b>
3.1	Nøkkelpersonell.....	s. 5
3.2	Ressursar.....	s. 5

# 1. Formål og problemstillingar

## 1.1 Bakgrunn

SF revisjon har med utgangspunkt i bestilling frå kontrollutvalet i SAK 40/2018 utarbeida prosjektplan for gjennomføring av selskapskontroll.

## 1.2 Formål

Formålet med prosjektet kjem fram av bestillinga; sitat:

*«Formålet med eigarskapskontrollen er å kontrollere om den som utøver fylkeskommunen sine eigarinteresser, utøver sitt mynde i samsvar med aktuelle lover og føresegner, fylkestinget sine vedtak og forutsetningar og i tråd med etablerte normer for god eigarstyring og selskapsleiing.»*

## 1.3 Problemstillingar

Kontrollutvalet har i bestillingsdokumentet lagt fram følgjande problemstillingar:

1. I kva grad har fylkeskommunen ein konkret eigarstrategi med klare forventningar til Sogn og Fjordane Teater L/L?
  - o Er det etablert tydelege føringar for eigarskapen i teateret?
  - o I kva grad er styringssignalene klart formulert?
  - o I kva grad vert eigarstrategien følgt opp?
2. Vert eigarinteressene til fylkeskommunen utøvd i samsvar med fylkestinget sine vedtak og føresetnadar, aktuelle lovheimlar og etablerte normer for god eigarstyring og selskapsleiing?
3. Fører fylkeskommunen kontroll med sine eigarinteresser på ein lovmessig og trygg måte?
  - o Har fylkeskommunen etablert rutinar for oppfølging og evaluering av sine eigarinteresser?
  - o Er rutinane gode nok og vert dei etterlevd?

# 2. Revisjonskriterium og metode

## 2.1 Revisjonskriterium

Revisjonskriterium er dei krav og forventningar som det kontrollerte objektet (Sogn og Fjordane fylkeskommune – Eigarskapskontroll av selskapet Sogn og Fjordane Teater L/L) skal vurderast opp mot.

Med vising til bestillinga er vi innom forskjellig type problemstillingar. Dei mest sentrale kildene for revisjonskriteria er aksjeloven, Sogn og Fjordane fylkeskommune si årlege Eigarmelding og aktuelle saker vedteken i fylkesting, fylkesutval eller hovudutval for næring og kultur. I tillegg vil vi legge til grunn nokre av KS sine «Anbefalinger om eierstyring, selskapsledelse og kontroll» som uttrykk for «beste praksis» der fylkeskommunen ikkje har lagt til grunn spesielle føringar for utøving av eigarskap.

Innsamla data vil bli vurdert opp mot revisjonskriteria:

- Lov om aksjeselskap
- Sogn og Fjordane fylkeskommune si Eigarmelding
- Aktuelle saker som har vore oppe i eigarorgana
- KS sine «Anbefalinger om eierstyring, selskapsledelse og kontroll»

*Problemstilling 1:*

I kva grad har fylkeskommunen ein konkret eigarstrategi med klare forventningar til Sogn og Fjordane Teater L/L?

- Er det etablert tydelege føringar for eigarskapen til Sogn og Fjordane Teater L/L?
- I kva grad er styringssignalene klart formulert?
- I kva grad vert eigarstrategien følgt opp?

Vi viser til KS anb. 5 om «Utarbeiding og revidering av sentrale styringsdokument i selskapa». Fylkeskommunen bør ha ei open og klart uttrykt eigarstrategi for sitt eigarskap i dei ulike selskapa. Vedtekten i selskapa regulerer viktige sider ved dei offentleg eide selskapas rettsforhold. Hovudintensjonen er å regulere forholdet mellom eigarane og mellom eigarane og selskapa eller interne forhold i selskapa. For å underbygge vedtekten kan det vere hensiktsmessig å utarbeide andre styringsdokument. Sjølv om dei ikkje er lovfesta, er det meint at dei skal sikre ei bevisst eigarstyring.

Styringsstrategi og Eigarstrategi er omtalt i kap. 1.7 og 3 i fylkeskommunen si årlege Eigarmelding.

**Kriteria:**

Vi vil gjere ei nærmare vurdering av om :

- fylkeskommunen har utarbeida ein eigen eigarstrategi for Sogn og Fjordane Teater L/L.
- fylkeskommunen har eigne spesifiserte interne retningslinjer for korleis eigarstrategien skal følgjes opp i Sogn og Fjordane Teater L/L ut over det som kjem fram av Eigarmeldinga, og om dei eventuelt blir følgt opp i samsvar med dei interne retningslinjene?

*Problemstilling 2:*

Vert eigarinteressene til fylkeskommunen utøvd i samsvar med fylkestinget sine vedtak og føresetnadjar, aktuelle lovheimlar og etablerte normer for god eigarstyring og selskapsleiing?

*Problemstilling 3:*

Fører fylkeskommunen kontroll med sine eigarinteresser på ein lovmessig og trygg måte?

- Har fylkeskommunen etablert rutinar for oppfølging og evaluering av sine eigarinteresser?
- Er rutinane gode nok og vert dei etterlevd?

### Aksjeloven og kriteria:

Generalforsamlinga og utøving av mynde blir regulert i aksjeloven kap. 5. Vi vil her sjå etter at krava i aksjeloven blir ivaretaken med omsyn til m.a.:

- innkalling og saksliste til møta i generalforsamling
- gjennomføring av møta i generalforsamling
- føring av protokoll frå møta i generalforsamling
- avgjer på eigarnivå som t.d. val av styre og val av revisor skjer på generalforsamling
- minstekravet til innhaldet i vedtekten blir følgt (aksjeloven § 2-2)

### Eigarmelding og kriteria:

Fylkeskommunen sitt viktigaste dokument i samband med den overordna eigarstyringa er den årlege Eigarmeldinga vedteken av fylkestinget. I samband med fylkestinget si årlege handsaming av Eigarmeldinga gjer fylkestinget kvart år ei evaluering av eigarskapen i det einskilde selskap; her Sogn og Fjordane Teater L/L.

Rutinane om kommunikasjonslinjene mellom eigarutøvar og fylkestinget/fylkesutvalet er omhandla i kap. 3.4 i Eigarmeldinga. Der står det m.a.:

*«Fylkesutvalet drøfter regelmessig eigarskapen til fylkeskommunen i dei ulike selskapa, særleg om den er i samsvar med formålet med eigarskapen i selskapet, kva forventingar ein har til selskapet og om fortsatt eigarskap er hensiktsmessig. Fylkesutvalet drøfter eigarskapen med fylkeskommunen sine eigarrepresentantar i selskapa sine representantskap og generalforsamlingar.»*

### Kriteria:

Rutinane for fylkeskommunen sine utsendingar si utøving av eigarstyring og korleis kommunikasjonen mellom utsendingar og fylkesutvalet/fylkestinget skal vere kjem fram av kap. 3.5 i Eigarmeldinga.

Vi vil gjere ei vurdering av korleis rutinane knytt til kommunikasjon og rapportering ved utøving av eigarstyring av Sogn og Fjordane Teater L/L blir praktisert, og vil m.a. sjå etter:

- korleis eigar sikrar seg nødvendig informasjon/rapportering om selskapet
- korleis aktuelle problemstillingar eller andre vesentlege saker blir lagt fram og drøfta med fylkesutvalet når det er naturleg

Samfunnsansvar, miljø, etikk og rettslege krav kjem fram i kap. 1.8 i Eigarmeldinga. Vi vil sjå etter om selskapet ivaretar sitt samfunnsansvar og m.a. sjå etter om selskapet:

- har utarbeidet eit etisk regelverk som tilfredstiller krava i Eigarmeldinga
- arbeider aktiv for å hindre utruskap og korruption
- har eit avklart forhold til lov om offentlege anskaffingar og offentleglova
- har planar og system for HMT-arbeid
- er bevisst sitt miljøansvar
- er bevisst på likestilling

Eigarstrategi og selskapsstrategi er omtalt i kap. 1.7 i Eigarmeldinga. Vi vil m.a. sjå etter om:

- det er sett klare resultatmål og andre mål for selskapet
- kapitalstrukturen i selskapet er tilpassa formålet og selskapets finansielle situasjon

## **2.2 Metode**

Ein eigarskapskontroll er ei avgrensa undersøking av korleis eigaren utøver eigarskapen i selskapet i forhold til gjeldande føringar for dette. Vi vil basere kontrollen på eit opplegg utarbeida av Norges Kommunerevisorforbund (NKRF) i veilederen «Selskapskontroll – frå A til Å».

### **2.2.1 Dokumentinnsamling**

Vi vil gå gjennom sentrale dokument som;

- Aktuelle saker vedteke av eigarorgana
- Selskapets årsrekneskap og årsrapporter for perioden 2015 – 2017
- Sakspapir og protokollar frå møta i generalforsamlinga i 2015, 2016 og 2017
- Korrespondanse mellom eigar og selskap

### **2.2.2 Eigenerklæring/intervju**

Vi vil hente inn opplysningar om selskapet og om eigars utøving av eigarskapen gjennom eigenerklæring frå eigar og selskapets styre. I tillegg kan det bli aktuelt å gjennomføre intervju av den administrative leiinga i selskapet.

### **2.2.3 Verifikasiing**

Oppsummering av eventuelle intervju vil bli sendt til intervjuobjekta for verifikasiing. Det er berre informasjon frå dei verifikasierte intervjuene som vil bli nytta i rapporten.

### **2.2.4 Analyse**

Innsamla informasjon/funn vil bli gjennomgått og vurdert for endeleg konklusjon og utarbeidning av rapport.

### **2.2.5 Rapportering**

Høyringsutkast til rapport vil bli sendt til aktuelle organ for verifikasiing og uttale. Alle høyringsuttaler vil bli lagt ved den endelege rapporten.

## **3. Tid og ressursbruk**

### **3.1 Nøkkelpersonell**

Prosjektleiar for gjennomføring av prosjektet vil vere Marianne Vara. Ho vil ta seg av det operative arbeidet.

### **3.2 Ressursar**

Vi har kalkulert inn ein tidsbruk på totalt 100 timer for gjennomføring av prosjektet, og har som mål at den endelege rapporten skal vere klar for overlevering til kontrollutvalet 04.01.2019.

Kostnadane i prosjektet inngår i a-kontobeløpet for finansiell revisjon og selskapskontroll med vising til vedtaket i kontrollutvalet.

Leikanger, 29. oktober 2018

Marianne Vara

Marianne Vara

Dagleg leiar